Standardkontrakt bilag 1 - Oppdragsgivers spesifikasjon



Table of contents

1 Avtalen gjelder
2 Mål med prosjektet
2.1 Kontraktsperiode
2.2 Skildring av oppgåva
2.3 Ynskja forslag mht. metodikk
2.4 Samarbeidsform
2.5 Kompetanse og erfaring
2.6 Leveransar
3 Rapportering og hemmeleghald
4 Økonomisk ramme

1 Avtalen gjelder

Kommunen ønsker å kjøpe ekstern bistand til utvikling av effektive leiargruppe.
Leiarutviklingsstøtta skal byggje på Bang og Middelfart sin teori om Effektive leiargrupper, samt Carol Dweck si forsking på utvikling og læring.
Leverandør skal bistå Øygarden kommune sine ulike leiargrupper med omstilling og effektivisering, og samstundes ha fokus på god kvalitet i leverte tenester til innbyggjarane, samt gode arbeidsmiljø, lågt sjukefråvær, og meistring hjå leiarar og tilsette.

Øygarden kommune ønsker å inngå kontrakt med 1-2 leverandørar. Leverandøren som får høgast score i evalueringa, vil bli tilbydd oppdraga først. Dersom leverandør 1 ikkje har kapasitet til å gjennomføre eit oppdrag, vil oppdraget gå vidare til leverandør 2.

2 Mål med prosjektet

Leverandør skal bistå Øygarden kommune sine ulike leiargrupper med omstilling og effektivisering. Leverandør skal samstundes ha fokus på god kvalitet i leverte tenester til innbyggjarane, samt gode arbeidsmiljø, lågt sjukefråvær og meistring hjå leiarar og tilsette. Den enkelte leiar skal sjølv bestille leiarutviklinga for seg og sitt leiarteam. Det er eit mål at leiar skal vere styrkt, meir avklara og stødigare i si leiing etter at den eksterne støtta til leiarutviklinga er ferdig.

Tenesta må vere i tråd med leiingskompasset i kommunen (Vedlegg 3 – Leiingskompass).
Leverandør må ha grunnleggjande forståing for offentleg forvaltning, leiing og læringsprosessar på gruppe- og individnivå.

2.1 Kontraktsperiode

2-årig avtale med estimert oppstart mars–april 2026.

2.2 Skildring av oppgåva

Kommunen ynskjer å kjøpe ekstern bistand til utvikling av effektive leiargrupper.
Leiarutviklingsstøtta skal byggje på Bang og Middelfart sin teori om effektive leiargrupper, samt Carol Dweck si forsking på utvikling og læring.

Øygarden pluss:
Øygarden kommune står overfor store demografiske og økonomiske utfordringar dei komande åra. For å sikra berekraftig drift og utvikling må kommunen gjennomføra omfattande omstillingar. Tidlegare har dette skjedd gjennom enkeltprosjekt, men no samlar vi innsatsen i eitt felles program – Øygarden pluss – for å sikre heilskap, framdrift og betre resultat.
Programmet skal bidra til å skapa handlingsrom for politiske prioriteringar gjennom kunnskapsbaserte vurderingar og koordinert gjennomføring av omstillingar. Det skal gje retning for både kortsiktige tiltak og langsiktige grep fram mot 2030, i tråd med investeringsplanen Øygarden 2040.
Programmet omfamnar heile kommuneorganisasjonen.

Eit viktig verkemiddel for å lukkast med programmet, og dermed også den komande omstillinga, er korleis leiarkorpset i kommuneverksemda handterer dette arbeidet i kvardagen. Programmet har difor organisering og leiing som eit eige innsatsområde:

- Organisasjon og leiing – arbeida systematisk for å sikra riktig kompetanse og leiingskapasitet i omstillingsarbeidet, inkludert evaluering av administrativ kapasitet og

utvikling av effektive leiargrupper

Løysingsforslag:
Primært ønsker vi tilbod på prosess som sikrar effektive leiargrupper og den *raude omstillingstråden* i leiarkorpset – frå toppleiargruppa og ut i einingane via kommunalsjefane sine leiargrupper.

Det er yidare eit mål at leiargrupper i utvalde einingar (etter ynske og prioritering) får tilbod om utvikling lokalt i sitt leiarteam. Alle oppdrag skal vere bestilt av einingsleiaren sjølv, og det er vesentleg at den eksterne støtta gjer einingsleiaren sterkare til å leie i si leiargruppe (og tilsette) når utviklingsoppdraget er over.

Vi ynskjer balanse mellom å kunne tilby dette til fleire leiargrupper og å sikre reell positiv utvikling i leiarkapasiteten til den involverte leiargruppa. Ei coachande tilnærming til ei «bestilling» frå einingsleiar er difor naudsynt for den skreddarsaumen som trengst i oppdraga. Samstundes krev bestillinga at konsulenten har kompetanse til å sikre at det vert arbeidd i tråd med avtalen. Start på oppdraget – avklaringar, analysar og samtalar med leiar i forkant – er difor ein viktig del av sjølve leiargruppeutviklinga.

Nokre leiarar vil utvikle gruppa si ved hjelp av støtte berre til seg sjølv. Andre ynskjer at den eksterne skal vere meir med inn i arbeidet direkte med dei andre i leiargruppa. Leverandøren skal sikra at den raude omstillingstråden også er gjennomgåande i utviklinga av lokale leiargrupper. Dette vert avklart mellom einingsleiar og ekstern konsulent ved starten på oppdraget.

2.3 Ynskja forslag mht. metodikk

Vi ser for oss at eit gjennomsnittleg oppdrag kan bestå av mellom 15 og 30 timar, litt etter storleiken på leiargruppa det gjeld. Dette som 2–3 timars møter, mellom møter med den enkelte. Det bør planleggjast slik at alle leiargruppene som skal støttast vert møtte, då kroppsspråk og kunnskap om den fysiske organiseringa òg må vere ein del av informasjonen som den eksterne kan nytte for å gje heilskapleg tilbakemelding for utvikling.

Det er tenkt individuelle samtalar med deltakarane ein eller fleire gonger, samt mellom-samtalar med den enkelte i dei aktuelle leiargruppene. Det tyder at vi treng rammer for oppdraga mht. varigheit og timebruk.

Øygarden kommune nyttar Relasjonell kapasitet og verktøyet *Joint action analytics*. Det er ein fordel at leverandør har innsikt i verktøyet og kan sjå samanhengar mellom eventuelle undersøkingar gjort med dette verktøyet og utvikling av effektive leiargrupper slik det her vert skildra.

Vi ynskjer at tilbodet synleggjer korleis leverandøren kan nytta denne metodikken – evt tilsvarande – for vidare måling av den relasjonell kapasiteten i organisasjonen.

I konkurransen vert det lagt til rette for at leverandørane lagar forslag til korleis arbeide med lokale leiargrupper gjennom eit bestemt case.

Øygarden kommune vil gjere avrop på rammeavtalen på konsulentbistand etter behov på årsbasis. Det er ingen felles leiarsamlingar, men kortare løp planlagt med ulike leiarar og leiargrupper i kommunen. Desse vert tildelte/prioriterte av kontaktperson sentralt. Behovet vil kunne variere mellom dei ulike leiargruppene kvart år.

2.4 Samarbeidsform

Samarbeid skjer etter samtalar med kontaktperson i Øygarden kommune, mht. å prioritere leiargrupper som kan få nytte av tilbodet kommunen set opp sentralt.

1. Planlegging av tid og omfang, innanfor rammene som vert inngått i avtalen, vert avtala direkte mellom leverandør og den enkelte einingsleiar (bestillar).
2. Det skal utarbeidast ein plan for korleis leverandør og einingsleiar kjem fram til innhald og omfang som ein del av kvart oppdrag (skjema, møte med innhaldspunkt o.l.). Dette kan gjerast etter at kontrakt er inngått, men innan 1 månad og i dialog med kontaktperson i Øygarden kommune.
3. Leverandør må systematisk be om tilbakemelding frå kvar eining som ein del av kvart oppdrag (skriftleg).
4. Vi meiner at ikkje all leiarutvikling kan skje godt nok berre nettbasert. Men vi trur at noko av delane kan leverast digitalt. Vi ynskjer ikkje prosessar for effektive leiargrupper som er berre digitale, då både verbalt og ikkje-verbalt kroppsspråk skal vere ein del av den informasjonen som den eksterne prosesstøtta skal kunne nytte for å utvikle leiar og leiargruppene. Leverandør må difor skildre korleis dei vil skilje mellom desse to måtane i eit gjennomsnittleg oppdrag.

2.5 Kompetanse og erfaring

For å kunne bistå Øygarden kommune på ein god måte i arbeidet med effektive leiargrupper, er det naudsynt at leverandør og dei konsulentane som leverer, har leiarerfaring sjølv. Vidare er det naudsynt at dei har erfaring som konsulentar i leiarutvikling, har den teoretiske kompetansen som er ynskja og evna til å lytte til einingsleiar si bestilling. Konsulenten må ha kunnskap nok til å lage handlingsrom for å utfordre til vekst og styrking av einingsleiar og leiargrupper.

Konsulenten må ha kunnskap om og kompetanse til å handsame konfliktar og spenningar på måtar som gjev vekst og utvikling.

Det er òg naudsynt at leverandøren har innsikt i kommunal drift og ikkje minst Hovudavtalen og hovudtariffavtalen, og bistår til at einingsleiarar og leiargrupper nyttar det lokale partsarbeidet klokt.

Leverandør må setje seg inn i ressursar som finst i kvalitets- og avvikssystem, inkludert varslingsrutina i kommunen.

2.6 Leveransar

Bistå med å gjennomføre utviklingsstøtte til ulike leiargrupper i Øygarden kommune. Alt med mål om å lage meir effektive leiargrupper i tråd med det som er skildra tidlegare i dokumentet. Dette inkluderer, ikkje uttømmande:

1. Standardisering av korleis leverandør og einingsleiar kjem fram til innhald og omfang som ein del av kvart oppdrag (skjema, møte med innhaldspunkt o.l.). Dette kan gjerast etter at kontrakt er inngått, men innan 1 månad og i dialog med kontaktperson i Øygarden kommune.
2. Gje Øygarden kommune v/kontaktperson ei oversikt i ein tabell to gonger pr. år, som viser kva eining leverandør har vore involvert med, ressursbruk, tema (overordna) og ei sluttvurdering av utviklinga i etterkant av kvart oppdrag. Her må òg bestillar (einingsleiar) si vurdering av leveransen (punkt 2) vere ein del av det som vert framheva (overordna).

3. Vi ynskjer å knyte til oss éin særskild seniorkonsulent frå kvar leverandør som skal vere utførande i dette oppdraget. Leverandør må ha ei back-up-løysing i form av ein særskild seniorkonsulent for å redusere sårbarheita i oppdraget.
4. Faktura må vere spesifisert slik KS ber om at OU-midlar skal spesifiserast.

3 Rapportering og hemmeleghald

Konsulentane må signere tausheitserklæring ved oppstart av oppdrag.

4 Økonomisk ramme

Det er gjort eit overslag på at det årlege forbruket på avtalen er på inntil 600 000 pr. år ekskl. mva., medrekna moglege reisekostnader. Overslaget må sjåast som rettleiande, då det er avhengig av aktivitetsnivå, Øygarden kommune sine prioriteringar, om kommunen får OU-midlar og budsjett. Øygarden kommune kan difor ikkje binde seg til eit minstefastsett beløp pr. år eller totalt.